

Vedlegg 2

Saksprotokoll sak 40/23

Svar på anmodning om unntak frå krav om søknad og løyve til mellombels
bruksendring for å ta i bruk gnr. 35, bnr. 14 og bnr. 25, Setesdal Hotel, til akutt
innkvartering for asylsøkere

med vedlegg 1-14

Saksmappe: 2023/429
Sakshandsamar: AJB
Dato: 03.06.2023**SAKSFRAMLEGG**

Utv.saksnr	Utvalg	Møtedato
40/23	Kommunestyret	05.06.2023

Svar på anmodning om unntak frå krav om søknad og løyve til mellombels bruksendring for å ta i bruk gnr. 35, bnr. 14 og bnr. 25, Setesdal Hotel, til akutt innkvartering for asylsøkere**Kommunedirektøren si innstilling:**

- 1) I medhald av pbl § 20-9, 2. ledd blir anmodning om unntak frå pbl om å søke om mellombels løyve til bruksendring for å ta Setesdal Hotel i bruk som asylmottak ikkje imøtekomen.

Grunngjeving for avslag er omsyn til å ivareta personsikkerhet, med særleg vekt på brannsikkerhet.
- 2) I medhald av § 20-10, jfr. Bygland kommune sitt delegeringsreglement er det vurdert at kommunestyret har fatta vedtak i saka innan tilstrekkelig frist.
- 3) I medhald av pbl § 20-10, 3.ledd har ein diverre ikkje noko konkret framlegg til andre alternativ og eigedomar som kan takast i bruk som asylmottak.
- 4) Bygland kommune ynskjer å strekke seg langt for å oppnå nasjonale mål i forhold til den akutte flyktnings situasjonen og vil strekke seg langt for å imøtekomme nye anmodningar frå IMDI om busetjing.

Kommunestyret si handsaming av sak 40/2023 i møte den 05.06.2023:**Handsaming:**

Representanten Signe Sollien Haugå forlot møtet under behandling av denne saka.
Senterpartiet bad om gruppemøte.

Røysting:

Kommunedirektøren sitt framlegg blei samrøystes vedteken (14 røyster)

Vedtak:

1. I medhald av pbl § 20-9, 2. ledd blir anmodning om unntak frå pbl om å søke om mellombels løyve til bruksendring for å ta Setesdal Hotel i bruk som asylmottak ikkje imøtekommen.
Grunngjeving for avslag er omsyn til å ivareta personsikkerhet, med særleg vekt på brannsikkerhet.
2. I medhald av § 20-10, jfr. Bygland kommune sitt delegeringsreglement er det vurdert at kommunestyret har fatta vedtak i saka innan tilstrekkelig frist.
3. I medhald av pbl § 20-10, 3.ledd har ein diverre ikkje noko konkret framlegg til andre alternativ og eigedomar som kan takast i bruk som asylmottak.
4. Bygland kommune ynskjer å strekke seg langt for å oppnå nasjonale mål i forhold til den akutte flyktnings situasjonen og vil strekke seg langt for å imøtekomme nye anmodningar frå IMDI om busetjing.

SAKSUTGREIING.

Saksvedlegg

Vedlegg:

- 1 vedr. foreløbige svar - anmodning om unntak
- 2 Tilbakemelding på spørsmål om midlertidig forskrift - Enklere byggesaksprosess for å sikre god og forsvarlig mottak av flyktninger
- 3 VS_ Enklere byggesaksprosess for å sikre god og forsvarlig mottak av flyktninger - tolkningsspørsmål - HASTER
- 4 Tilbakemelding på henvendelse om unntak fra pbl. § 20-9 - manglende overholdelse av saksbehandlingsfrist.pdf
- 5 Førebels svar - orientering om vidare saksgang
- 6 Svarbrev vedk. anmodning om unntak frå krav om søknad - Setesdal Hotell (1)
- 7 Førebels svar
- 8 Svar på anmodning om unntak frå å søke om mellombels bruksendring for ta i bruk gnr. 35, bnr. 25 og bnr. 14 Setesdal Hotel som asylmottak
- 9 Førebels svar - ber om fleire opplysningar
- 10 vedr. foreløbige svar - anmodning om unntak
- 11 Anmodning om unntak frå krav om søknad om tillatelse til mellombels bruksendring av setesdal Hotel, jfr. pbl § 20-9
- 12 Signert forliksavtale
- 13 E-post av 24.10.2014 Mottak i tynn tråd p.g.a. nye krav frå kommunen , e-post frå Knut William Bygland til Rådmannen og Økonomiansvarlig

Saksvedlegg som ligg på heimesida

Store saksvedlegg blir lagt under «Politikk» og «Dokument og linkar til politisk arbeid» på kommunen si nettside www.bygland.kommune.no

Til denne saka er det følgjande slike vedlegg:

Politisk reglement med delegering for Bygland kommune

Bakgrunn for saka

Saka gjeld spørsmål om Bygland kommune med heimel i plan- og bygningsloven (pbl) § 20-9 og § 20-10, jfr. Midlertidig forskrift om unntak frå plan- og bygningsloven for å håndtere ankomster av fordrevne frå Ukraina, kan gi unntak frå kravet i plan- og bygningsloven om at ny/endra bruk av eksisterande bygningar krev søknad og løyve om mellombelsbruksendring.

Tidlegare vedtak i saka.

Bygland kommune fekk også, for litt over eit år sidan, ei tilsvarende anmodning om unntak frå pbl sitt krav om søknad og løyve til mellombels bruksendring for å ta i bruk gnr. 35, bnr. 14 og bnr. 25, Setesdal Hotel, til akutt innkvartering. Saksframlegg og vedtak den 25.4.2022 fylgjer som vedlegg.

Med bakgrunn i opplysningar som har kome fram sidan 22.3.2022, blir ikkje anmodning om unntak frå å søke om mellombels løyve til bruksendring for å ta Setesdal Hotel i bruk som asylmottak imøtekomen.

Grunngjeving for avslag er omsyn til å ivareta personsikkerhet, med særleg vekt på brannsikkerhet, samt sikre at bygga har ei god planløyving som er tilpassa ny bruk som asylmottak.

Kommunens vedtak i tilsvarende sak i 2022 blei ikkje påklaga.

Det går fram av anmodninga at Setesdal Hotel i fleire periodar tidlegare har vore nytta til asylmottak. Sjølv om Setesdal Hotel har vore nytta som mottak tidlegare, kan ein ikkje sjå at Bygland kommune i samband med tidlegare mottaksdrift har fått inn søknad om og gitt løyve til mellombels bruksendring etter plan- og bygningsloven.

Ny anmodning:

Bygland kommune har på nytt motteke anmodning om unntak frå krav om søknad og løyve til mellombels bruksendring jfr. Plan- og bygningsloven (pbl) § 20-9, for å ta gnr. 35, bnr. 14 og bnr. 25, Setesdal Hotel i bruk til innkvartering for asylsøkere.

Harris Advokatfirma AS representerer MD Solutions AS som er tiltakshavar og driftsoperatør for etablering av asylmottak for flyktningar i Bygland kommune.

Mottaket skal ha i alt 185 plassar fordelt på fire ulike lokalitetar i kommunen.

Denne saka gjeld gnr. 35, bnr. 14, bnr. 25, Setesdal Hotel med ca. 66 plassar.

Harris Advokatfirma AS opplyser at naudsynte privatrettslege rettar er sikra ved intensjonsavtale med Setesdal Hotel.

Mynde til å gjere vedtak:

Bygland kommune har vedteke delegeringsreglement gjeldande frå 6.5.2021.

§ 20-9 og § 20-10 i pbl blei sett i kraft 15.6.2022. Dvs. at Bygland kommune sitt delegeringsreglement ikkje har vidaredelegert § 20-9 og § 20-10.

Der det i lovtekst står «kommunen», kan mynde til å avgjere ei sak bli delegert til kommunedirektøren eller anna politisk utval. Men så lenge § 20-9 og § 20-10 i pbl ikkje er delegert vidare er det difor i utgangspunktet kommunestyret som må ta stilling til anmodning om unntak.

Kommunestyret har høve til å delegere vidare til ordførar eller anna politisk utval å gjere vedtak i hastesaker, ein viser også til vedlagte svarbrev frå KDD til Harris Advokatfirma AS datert 31.5.2023. I saker der det er om å gjere å take avgjersle raskt kan ein gjere eit «hastevedtak», dvs. at ordførar eller anna politisk utval kan treffe vedtak.

Denne saka gjeld i utgangspunktet vurdering etter pbl, men spørsmålet om etablering av asylmottak i Bygland vedkjem også Bygland som lokalsamfunn og ikkje minst dei kommunale tenester. For tida slit Bygland kommune med å levere tilfredstillande tenester innan lege- og helsehjelp til eigne innbyggerar.

Etter ei samla vurdering har ein kome fram til at, med bakgrunn i at mynde til å gjere vedtak i § 20-9 og § 20-10 ikkje er delegert vidare, og dette er ei sak som vedkjem kommunen som lokalsamfunn og dei kommunale tenestene er difor naudsynt at kommunens tilbakemelding til tiltakshavar har brei ei forankring, saka blir difor lagt fram for kommunestyret til avgjersle.

Sakshandsamingstid:

I medhald av pbl § 20-10 skal kommunestyret i denne saka fatte vedtak innan 7 virkedagar. Sakshandsamingstida skal reiknast frå det tidspunktet anmodning om unntak var komplett. Så langt Bygland kommune kan sjå var anmodning om unntak komplett 22.5.2023 og handsaming i ekstraordinært kommunestyremøte den 5.6.2023 er vurdert til å vere innafør når det gjeld sakshandsamingstid.

Dersom kommunen brukar for lang tid til å avgjere anmodning om unntak, kan mottak starte opp. Men oppstart av mottak utan tilbakemelding på anmodning vil i tilfelle skje på eige ansvar. Oversitting av fristen gir ikkje noko automatisk samtykke til anmodning om unntak eller danner grunnlag for noko form for sanksjonar mot kommunen. Oppstart av mottak er difor så langt ein kan sjå det betinga av eit vedtak om unntak frå kravet i pbl om å søke om bruksendring, evt. ein søknad og løyve om mellombels bruksendring.

Vurdering av innsendt dokumentasjon:

Innsendt dokumentasjon og tilleggsopplysningar er tilstrekkeleg til at Bygland kommune kan gjere vedtak i medhald av plan- og bygningsloven § 20-9.

Grunngjeving for anmodning om unntak:

Grunngjeving for å anmode om unntak frå krav om søknad og løyve til mellombels bruksendring går fram av vedlagte anmodning av 8.5.2023 og tilleggsopplysningar motteke 16.5.2023 og er kort oppsummera som følgjande:

- 1) Setesdal Hotel har vore asylmottak tidlegare. I tilleggsopplysningar motteke 16.5.2023 er det også vist til brev frå tidlegare ordførar og rådmann som konkluderer med at etablering av asylmottak er innafør gjeldande reguleringsføre mål.
- 2) Anmodning om unntak – brev frå UDI datert 10.3.2023.
- 3) Brannteknisk tilstandsrapport datert 3.5.2022 (utført av Exakt prosjektering AS)
- 4) Brannteikningar datert 3.5.2023
- 5) Stadfesting frå Setesdal Brannvesen IKS om at branntilsyn i 2022 er avslutta.
- 6) Bygningsteikning og situasjonsplan som viser innandørs og utandørs felles areal og leikeareal, datert 15.5.2023.

Kommentar til grunngjeving for å anmode om unntak:

- 1) Setesdal Hotel er oppført i 1980 og har vore i bruk som asylmottak i fleire periodar tidlegare.

I kommunens byggesaksarkiv kan ein likevel ikkje finne at det tidlegare er søkt om eller gitt løyve til mellombels bruksendring etter plan- og bygningsloven for å ta hotellet i bruk som asylmottak.

Plan- og bygningsloven har i alle år stilt krav til bruksendring ved ny/endra bruk av eksisterande bygningar. Når det gjeld asylmottak spesielt, har kommunal- og regionaldepartementet i sitt brev av 26.2.2004 til kommunar og fylkeskommunar om «Asylmottak – kommunenes behandling etter plan- og bygningsloven» og i rundskriv H-4/15 om «Kommunenes sakshandsaming av asylmottak etter plan- og bygningsloven», samt rettspraksis peika på at terskelen for å krevje bruksendring i samband med etablering av asylmottak i eksisterande bygningar slik som hotell, herberge ol., skal vere låg. Bakgrunnen for at terskelen for å krevje bruksendring skal vere låg er primært for å ivareta omsyn til tryggleik for liv og helse.

Kvifor Bygland kommune tidlegare ikkje har krevd søknad om bruksendring ved etablering av asylmottak ved Setesdal Hotel, i samsvar med pbl, rundskriv og rettspraksis har ein ikkje noko godt svar på. Men sjølv om kommunen har vurdert saka slik tidlegare kan ein ikkje sjå at det er grunnlag for å halde fast ved ei slik vurdering.

I samband med etablering av mottak i 2014 gjorde plan-, miljø- og ressursutvalet (PMR) vedtak om at det måtte bli søkt om bruksendring etter plan- og bygningsloven. Ein opplevde at driftsoperatør sin representant heller bruka krefter for å unngå å søke om bruksendring og ettergodkjenning av allereie utførte byggtekniske endringar framfor å berre legge fram naudsynte søknader etter pbl. Kommunen vart også då truga, ein viser til vedlagte e-post av 24.10.2014 der det står at dersom kommune kravde søknad om bruksendring etter at driftsoperatør hadde gitt inn anbod til UDI, kunne ein resikere at det ikkje blei noko mottak i Bygland. Bygland kommune fekk konkret førespurnad frå UDI om alle naudsynte løyver var på plass. Brevet av 20.11.2014, blei sendt av dåverande ordførar og signert av dåverande rådmann og stadfester at det ikkje var i strid med gjeldande arealplan å etablere asylmottak ved Setesdal Hotel.

På denne tida var kommunen også kjent med brannteknisk gjennomgang av Setesdal Hotel utført av Brann og Sikkerhetsrådgivning AS datert 20.8.2014. Brannteknisk gjennomgang viser at det er fleire branntekniske feil ved bygget og nokre feil var så store at det er søknadspliktig tiltak med krav om ansvarleg søkjar, prosjekterande og utførande for å få feila utbetra. Dersom kommunen i 2014 hadde motteke søknad om ettergodkjenning for utbetra branntekniske feil skulle det ha lege føre dokumentasjon på dette i kommunen sitt byggesaksarkiv.

Bygland kommune fekk fyrst ein søknad om ettergodkjenning av allereie utførte tiltak, men søknaden blei seinare trekt og i staden fekk kommunen stevning om søksmål. Av prosessuelle grunnar inngjekk kommunen forlik og saka blei avslutta. Forliksavtalen er offentleg og fylgjer som vedlegg til saka.

Forliket gir ikkje byggeigar ettergodkjenning av søknadspliktige tiltak med krav om ansvar etter pbl. I Brannteknisk tilstandsrapport datert 3.5.2022, utført av Exakt under pkt. 5.4.14 som gjeld tekniske installasjonar er det opplyst at dersom det blir utført branntettingsarbeid skal kommunen ha dokumentasjon, slik som teikningar og opplysningar om kven som har ansvaret for arbeidet og opplysningar om referansenummer på tettingsmasse. Bygland kommune har framleis ikkje slike opplysningar.

Når politisk leiing og administrativ leiing skriva brevet av 20.11.2014 var ikkje søknaden om ettergodkjenning av allereie utførte tiltak trekt. Ein må difor legge til grunn at med dei opplysningane kommunen hadde 20.11.2014 var det grunnlag for å tru at branntetting ville kome i orden.

Så langt kommunen som bygningsmynde har oversikt over er dei manglar frå Brann- og Sikkerhetsrådgivning AS sin brannteknisk tilstandsrapport av Setesdal Hotel, datert 20.8.2014 jfr. Opplysningar i rapport utført av Exakt framleis ikkje omsøkt og gitt løyve til slik plan- og bygningsloven krev.

Oppsummert:

Ein kan forstå argumentet frå driftsoperatøren om at sidan kommunen i 2014, ikkje krevde søknad om mellombels bruksendring, er det framleis ikkje behov for søke om bruksendring. Men i høve til situasjonen i 2014 er reguleringsplanen for Nesmoen den same, kommunen manglar framleis dokumentasjon på branntettinga og kommunen har også fått ny politisk og administrativ leing.

- 2) Ein er klar over at det på nasjonalt nivå hastar med å etablere fleire mottaksplassar. Men plan- og bygningsloven sin unntaksbestemmelse § 20-9 og tilhøyrande forskrift har visse formkrav som må ivaretakast.

Med anmodninga som kommunen har motteke ligg det ved eit generelt brev frå UDI, datert 10.3.2023, der UDI på generelt grunnlag anmoder om at kommunar gjer unntak frå krav om søknad om bruksendring for bygningar som skal brukast til innkvartering av asylsøkerar.

Anmodninga frå UDI seier ikkje konkret at UDI oppmodar Bygland kommune om å gi unntak frå kravet om å søknad og løyve til mellombels bruksendring i samband med at MD Solution AS har planar om etablering av mottak i Bygland.

Bygland kommune har hatt dialog og møter med UDI utan at ein oppfatter at UDI kar kome med ei konkret anmodning om at Bygland kommune skal gi unntak frå pbl.

At anmodninga er for generell underbygger vi ved utdrag av forarbeida til lovendringa. I Prop. 107 (2021-2022) finn ein forarbeid til endringar i fleire lovar i samband med mottak av flyktingar frå Ukraina. <https://www.regjeringen.no/no/dokumenter/prop.-107-l-20212022/id2910763/>

Kap 12 gjeld endringar i plan- og bygningsloven og kap 14 har merknader til dei enkelte bestemmelsane.

I pkt. 12.5.2 står det:

«Forslaget om å etablere mottak, omsorgssentre, barnehage og undervisning er ikke ment å ivareta kommersielle interesser. Unntak kan derfor i utgangspunktet bare gis på bakgrunn av skriftlig anmodning fra offentlige myndigheter. Dette kan være en kommunal, fylkeskommunal eller statlig myndighet. Private tilbydere innen barnehage, skole eller bolig kan også be om unntak dersom dette knytter seg til avlastning eller supplering av offentlige myndigheters oppgaver. De må i så fall legge frem en vurdering eller annen bekræftelse fra relevant offentlig myndighet som bekrefter at tiltaket er nødvendig.»

Vidare i pkt 14.7 til § 20-9 står det:

«Etter første ledd kan kommunen gi midlertidig unntak fra krav om søknad og tillatelse etter § 20-2 for oppføring av bygning, tidsbestemt bruksendring av bygning og plassering av midlertidige bygninger (brakker, telt, skolepaviljong m.m.). Unntak kan bare gis for bygninger som skal brukes til bolig, barnehage,

skole, innkvartering av asylsøkere og omsorgssenter for enslige mindreårige asylsøkere under 15 år.»

Litt lengre nede i pkt 14.7 står også:

«Bestemmelsen er ikke ment å ivareta kommersielle interesser, og anmodning om unntak kan derfor i utgangspunktet bare settes frem av offentlige myndigheter. Dette kan være kommunal, fylkeskommunal eller statlig myndighet. Det er gjort enkelte unntak for private tilbydere innen barnehage, skole og bolig.»

Ein meiner at det som står i punkta 12.5.2. og 14.7 er å forstå lik at det berre er i samband med etablering av barnehage, skule og bustad at kommersielle interesser på generelt grunnlag kan anmode om unntak frå krav om søknad og løyve til mellombels bruksending. Når det gjeld etablering av innkvartering i Bygland, må det difor vere ei konkret anmodning frå UDI for at Bygland kommune kan vurdere å gi unntak frå krav om søknad og løyve, dette fordi bestemmelsen ikkje er meint til å ivareta kommersielle interesser.

Oppsummert:

Anmodninga frå UDI datert 19.3.2023 er for generell, dialog og møter med UDI seier ikkje noko om at UDI oppmodar Bygland kommune om å gi unntak frå kravet om å søknad og løyve til mellombels bruksending etter plan- og bygningsloven i samband med at MD Solution AS ønsker å etablere kommersiell mottaksdrift i Bygland.

- 3) Brannteknisk tilstandsrapport datert 3.5.2022 (utført av Exakt prosjektering AS)

Under pkt 5.4.14 som gjeld tekniske installasjonar står følgande:

«Iht. preaksepterte løsnings skal alle typer gjennomføringer i brannskiller med brannkrav være branntettet med tilsvarende brannklasse som for veggen/dekket. Det skal være benyttet godkjente tettemetoder og godkjente/klassifiserte produkter/tettemasser. Branntettinger eller fuger med brannkrav, skal være utført i henhold til montasjeanvisning fra produktleverandør. Ventilasjonsskanaler skal i tillegg være brannisolerte. Ved utført branntettingsarbeid skal det foreligge en dokumentasjon. Denne skal inneholde tegninger med avmerket branntettinger på arbeidsrapporter. På tegningene skal det oppgis referanse- nummer knyttet til tetting av gjennomføringen. Dokumentasjonen er utført og foreligger hos kommunen.»

Dette gjeld feil som blei påpeika i Brann- og Sikkerhetsrådgivning AS sin rapport av 20.8.2014, men som Bygland kommune framleis ikkje har fått søknad etter plan- og bygningsloven og dokumentasjon på at dette arbeidet er utført av kvalifisert personell eller utført ved bruk av godkjende produkt.

Ein viser til avsnittet 5.4.14 i brannteknisk tilstandsrapport og meiner dette gir feil opplysningar. Viser vidare til det som er beskriva under pkt 1

- 4) Brannteikningar datert 3.5.2022. Ved gjennomgang av byggesaksarkivet kan ein ikkje finne at det er søkt om endringar etter plan- og bygningsloven sidan bygget blei oppført i 1980. Godkjende brannteikningar frå 1980 samsvarer difor ikkje heilt med brannteikningar av bygget datert 3.5.2022. Ein er kjent med at det opp gjennom åra er utført fleire bygningsmessige endringar av Setesdal Hotel, noko er truleg ikkje søknadspliktige endringar, medan andre kan vere søknadspliktige endringar.

For å få full oversikt må det bli gjennomført tilsyn, der det blir avklart om bygningsmessige endringar er søknadspliktige eller ikkje, deretter må ein få inn søknader dersom allereie utførte

tiltak ikkje er omsøkt og har fått løyve. Kommunen må gi løyve til ettergodkjenning og søknader må bli avslutta med ferdigattest.

- 5) Stadfesting frå Setesdal Brannvesen IKS om at branntilsyn i 2022 er avslutta. Setesdal Brannvesen IKS tek berre stilling til bygget i bruk, og har ikkje vurdert om bygningsmessige endringar som er utført opp gjennom tidene er søknadsppliktige etter pbl eller ikkje. Brannvesenet har bemerka at det ikkje har vore oppdaterte bygningsteikningar ved branntilsyna.
- 6) Bygningsteikning og situasjonsplan som viser innandørs og utandørs felles areal og leikeareal, datert 15.5.2023. Er ikkje fagmessig utført, men gir ein enkel oversikt over arealbruken.

Planavklaring:

Gnr. 35, bnr. 14 og bnr. 25, seksjon 1-22, ved Setesdal Hotel.

Gjeldande arealplan er reguleringsplan for Nesmoen, vedteken i kommunestyret 17.11.1988.

Arealføremålet er reiseliv og i 2000 blei det godkjent ei endring av reguleringsføresegner slik at det også kan vere bygningar til rekreasjon, opptrening, attføring/rehabilitering og medisinsk behandling. Etablering av innkvartering for asylsøkere er vurdert til å ikkje vere i strid med arealføremål i plan eller reguleringsføresegner.

Tiltaket kjem ikkje i konflikt med regionalplan for Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Setesdal Austhei (Heiplanen), verna vassdrag Njardarheim eller Verneområdet i Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane.

Infrastruktur:

Gnr. 35, bnr. 14, kafebygget, gnr. 35, bnr. 25, seksjon 1-22, hotellrom, Setesdal Hotel er tilkopa kommunalt vassforsyning og avløpsanlegg, samt at avkøyrsel er etablert frå Rv 9. Etablering av asylmottak er vurdert til å ha veg, vatn og avløpsforhold i orden.

Erfaring frå tidlegare mottaksdrift er at talet på gåande og syklende langs Rv 9 mellom Neset og Nesmoen aukar, noko som kan skape trafikkfarlege situasjonar då fartsgrensa på strekninga er 80 km/t.

Nabovarsel:

Det er ikkje krav om nabovarsling etter plan- og bygningsloven § 19-1 og § 21-3 ved tidsbestemt bruksendring av bygning eller del av bygning og midlertidig plassering av bygningar som er omfatta av unntaket i plan- og bygningsloven § 20-9.

Samordningsplikt:

Dersom eit tiltak er betinga av løyve eller samtykke frå anna mynde kan ikkje kommunen som bygningsmynde gi løyve til igangsetting av tiltak før anna mynde har gitt løyve eller samtykke.

Etablering av asylmottak med inntil 185 plassar vil medføre eit sterkt press på lege og helse tenestene i Bygland. Det har lenge vore kjent at det på generelt grunnlag er utfordringar med å skaffe kvalifisert helse personell. Ein auke i innbyggertalet med 185 mottaksplassar vil vere ein auke på 15-20 % auke i innbyggertalet eller tilsvarande som om Kristiansand kommune skulle fått ein auke på 19 000 nye innbyggjarar. Tilbakemelding frå lege- og helsetenesten er at det vil medføre store utfordringar med omsyn til å kunne levere forsvarleg lege- og helsetenester med ein slik stor auke av innbyggjarar for ein så kort periode.

Naturmangfaldloven §§ 8-12, jfr. § 7 – ved oppslag i naturbasen

Etter oppslag i Naturbasen kan ein ikkje sjå at etablering av asylmottak ved Setesdal Hotel vil kome i konflikt med registreringar i Naturbasen og med et heller ikkje i konflikt med naturmangfaldet.

Kulturminne

Ein kan ikkje sjå at etablering av asylmottak ved Setesdal Hoel vil kome i konflikt med kjende kulturminner.

Krav til tomt – naturfare - oppslag i NVE-Atlas

Ein kan ikkje sjå at tiltaket kan bli utsett for naturfare slik som snøskred, steinsprang, jord- og flomskred eller flaumfare.

Formelt grunnlag

- Plan- og bygningsloven med tilhøyrande forskrifter
- Midlertidig forskrift om unntak frå plan- og bygningsloven for å håndtere høgere ankomster av fordrevne frå Ukraina
- Rundskriv H-4/15
- Reguleringsplan for Nesmoen vedteken i kommunestyret 17.11.1988, sist revidert 2.2.2000.

Vurderingar og konsekvensar

Sjølv om pbl § 20-9 og § 20-10 opnar opp for at kommunane kan gi unntak frå kravet om å søke om bruksendring etter pbl vil det framleis vere den enkelte kommune som bestemmer om det kan bli gitt unntak frå kravet om å søke om bruksendring.

Det går fram av lov, rundskriv og rettspraksis at terskelen for kommunen til å krevje søknad om bruksendring når eksisterande bygg blir teke i bruk til asylmottak er låg.

Som det følgjer av pbl. § 20-9 andre ledd, kan ikkje kommunen gje unntak dersom tiltaket kan føre til at det oppstår fare for liv og helse for brukarane av bygningen.

Når det gjeld Setesdal Hotel har ein ikkje naudsynt dokumentasjon på at branntetting nemnd i brannteknisk gjennomgang 20.8.2014 og 3.5.2022 er tilfredstillande utført eller dokumentert.

Vidare kan ein ikkje sjå at den generelle anmodning om unntak frå UDI av 10.3.2023 gjeld anmodning om unntak frå søknadsplikten i pbl for å ta i bruk Setesdal Hotel som asylmottak.

Ein vil difor tilrå at anmodning om unntak frå pbl om å søke om mellombels løyve til bruksendring for å ta Setesdal Hotel i bruk som asylmottak ikkje blir imøtekommen.

Grunngjeving for avslag er omsyn til å ivareta personsikkerhet, med særleg vekt på brannsikkerhet.

Ein har ikkje noko konkret framlegg til andre alternativ og eigedomar som kan takast i bruk som asylmottak. Bygland kommune ynskjer å strekke seg langt for å oppnå nasjonale mål i forhold til den akutte flyktnings situasjonen og vil strekke seg langt for å imøtekomme nye anmodningar frå IMDI om busetjing.

Bygland, 27.05.2023

Kommunedirektør

From: Kevin Grindland <keg@harris.no>
Sent: Friday, May 26, 2023 6:06:06 PM
To: Post - Bygland kommune <post@bygland.kommune.no>
Cc: Aslak Jørundland Brekke <Aslak.Brekke@bygland.kommune.no>
Subject: Vedr. foreløpig svar - anmodning om unntak

Hei,

Vi viser til foreløpig svar som er mottatt med følgende saksnummer:
2023/429 Setesdal Hotel
2023/431 Søsterhjemmet
2023/430 Reiårsfossen Motell

De anmodningene som er sendt inn henholdsvis 08.05.23, 10.05.23 og 11.05.23 er ikke behandlet innen den lovpålagte fristen på syv virkedager, jfr. pbl. § 20-10.
Dette utgjør derfor et brudd på den lovpålagte saksbehandlingsfristen.

Det er ikke korrekt at det politiske reglementet for delegering i kommunen tilsier at det skal behandles i kommunestyret ettersom bestemmelsen i pbl. § 20-9 ikke er nevnt i reglementet.

Vi ber om en redegjørelse for hvor kommunen hjemler at anmodningen skal behandles i kommunestyret og ber om snarlig tilbakemelding.

I tillegg ber vi om at kommunen ev. orienterer om andre alternative eiendommer og egnede bygninger som kan tas i bruk, jfr. pbl. § 20-10, tredje ledd.

Med vennlig hilsen

Kevin Grindland
Advokatfullmektig

414 33 205 | keg@harris.no

Harris Advokatfirma AS
Dreggsallmenningen 10/12
PB 4115 Sandviken, 5835 Bergen
55 30 27 00 | harris.no

Følg oss på [Facebook](#) og [LinkedIn](#).

Hvis e-posten mottas ved en feil, ber vi om at den slettes og avsender underrettes.



Bygland kommune
v/ Aslak J. Brekke

Vår referanse:
1125660501/2671426

Ansvarlig advokat:
Olav Pedersen

Dato:
2. juni 2023

VEDR. ORIENTERING OM VIDERE SAKSGANG – ANMONDING OM UNNTAK FRA KRAV OM SØKNAD FOR MIDLERTIDIG BRUKSENDRING

Vi viser til følgende anmodninger som er innsendt og svarbrev fra kommunen datert 01.06.23:

- Setesdal Hotel (Saksnr.: 2023/429 innsendt 08.05.23)
- Søsterhjemmet (Saksnr.: 2023/431 innsendt 10.05.23)
- Reiårsfossen Motell (Saksnr.: 2023/430 innsendt 11.05.23)

1. Hensikten med å anmode om unntak fra krav til søknad om midlertidig bruksendring

De ulike anmodninger som er sendt inn skal vurderes etter unntaket som finnes i plan- og bygningsloven § 20-9 og forskrift. Det er ikke å regne som en ordinær byggesøknad, men et unntak fra kravene som stilles til ordinære tiltak.

Hensikten med unntaket fra søknadsplikt for tidsbestemt bruksendring er at Norge har forpliktet seg til å ta imot 35 000 flyktninger i 2023 og at disse trenger et sted å bo. Den siste prognosen viser at det kan komme opp mot 43 000 flyktninger. Dette er også bakgrunnen for at regjeringen i sitt reviderte nasjonalbudsjett har økt bevilgningene til integrering og mottak av asylmottakere med 6 milliarder kroner¹.

2. Kommunen har oversett den lovpålagte saksbehandlingsfristen i pbl. § 20-10

Kommunen har vist til at den lovpålagte saksbehandlingsfristen på syv virkedager etter pbl. § 20-10 kun gjelder fra anmodning er «fullstendig». Det er ikke korrekt at anmodningen ikke har vært fullstendig når de ble innsendt ettersom alle anmodningene har fulgt de relevante dokumentasjonskravene som stilles i forskrift. Dette fremgår av § 2 i «Midlertidig forskrift om unntak fra plan- og bygningsloven for å håndtere høye ankomster av fordrevne fra Ukraina».

Kommunen har derfor oversett saksbehandlingsfristen for samtlige anmodninger, jfr. pbl. § 20-10. Det at kommunen etterspør ytterligere informasjon de ønsker å ha påvirker derfor ikke den

¹ <https://www.regjeringen.no/no/aktuelt/Regjeringen-foreslar-6-milliarder-kroner-ekstra-til-ukrainske-flyktninger/id2975863/>

Harris

lovpålagte saksbehandlingsfristen, med mindre det hadde vært knyttet opp mot de relevante dokumentasjonskravene i forskriften. Anmodningene som er gjort er på vegne av offentlig myndighet (UDI) slik som tidligere vedlagt.

3. Muligheten for å delegeres avgjørelsesmyndighet i kommunen

Kommunen viste tidligere til det politiske delegeringsreglementet som begrunnelse for hvorfor kommunestyret skulle behandle anmodningene, men viser nå til at pbl. § 20-9 ikke er en del av kommunens delegeringsreglement.

Slik brevet fra Kommunal- og Distriktsdepartementet viser kan også kommunestyret gi ordfører myndighet i «hastesaker, jfr. kommuneloven § 6-1. Bygland kommune har en slik hastebestemmelse i sitt politiske delegeringsreglement.

Vedlegg 1: Brev fra KMD datert 31.05.23

4. Avslutning

Basert på overnevnte og at saksbehandlingsfristen er passert bes det om at kommunestyret fatter endelig vedtak i møtet som skal avholdes 05.06.23. Det bes om at dette brevet med tillegg av all annen dokumentasjon sendes over til kommunestyret i forkant av møtet slik at kommunestyret har mulighet til å foreta en forsvarlig saksbehandling.

Både Setesdal Hotel (Nesmoen Paartments) og Reiårsfossen Motell er ifra 01.05.23 i ordinær drift som overnattingssteder og det er samme brannvernleder på alle stedene.

Ev. utsettelse vil være i strid med saksbehandlingsfristen som er satt i plan- og bygningsloven. Dersom kommunestyret fatter avslag bes det om at kommunen orienterer om andre alternative eiendommer og egnede bygninger som kan tas i bruk, jfr. pbl. § 20-10, tredje ledd.

Med vennlig hilsen



Kevin Grindland
Advokatfullmektig
keg@harris.no
414 33 205

På vegne av

Olav Pedersen
Advokat/Managing partner
op@harris.no
916 94 656

2-2

Kan du legge dette inn i sakene 23/429, 430 og 431

Så skal eg sende deg spørsmålet som blei sendt for ca 1 år sidan, det kan du legge inn som vedlegg til dette.

Med venleg helsing
Liv Elin Frøysnes Berg
Ingeniør byggesak

T +47 913 55 771 | E lv.elin.berg@bygland.kommune.no

Bygland kommune Kommunehuset 4745 Bygland
E post@bygland.kommune.no | +47 37 93 47 00 | www.bygland.kommune.no

Fra: Post - Bygland kommune <post@bygland.kommune.no>
Sendt: onsdag 31. mai 2023 14:51
Til: Liv Elin Frøysnes Berg <lv.elin.berg@bygland.kommune.no>
Emne: Tilbakemelding på spørsmål om midlertidig forskrift - Enklere byggesaksprosess for å sikre god og forsvarlig mottak av flyktninger

Med venleg helsing
Jorunn Særlie Tveiten
Arkivleiar

M +47 91 77 85 09 | T +47 37 93 56 74 | E
jorunn.tveiten@bygland.kommune.no

Bygland kommune Sentrum 18, 4745 Bygland
E post@bygland.kommune.no | +47 37 93 47 00 |
www.bygland.kommune.no

[Sjekk den flotte brosjyren vår!](#)

Fra: Øvernes Else-Karin <Else-Karin.Overnes@kdd.dep.no>
Sendt: onsdag 31. mai 2023 14:33
Til: Post - Bygland kommune <post@bygland.kommune.no>
Kopi: Liv Elin Frøysnes Berg <lv.elin.berg@bygland.kommune.no>
Emne: Tilbakemelding på spørsmål om midlertidig forskrift - Enklere byggesaksprosess for å sikre god og forsvarlig mottak av flyktninger

Enkelte som mottok denne meldingen, får ikke ofte e-post fra else-karin.overnes@kdd.dep.no. Finn ut hvorfor dette er viktig.

Vi viser til din e-post av 30. mars 2022, og telefon 31. mai 2023. Ved ein beklageleg feil har saka ikkje vorte svart på tidlegare.

Bruksendring

Det er riktig at det framleis er den enkelte kommune som etter ei skjønsmessig vurdering bestemmer om det kan bli gitt unntak frå kravet om å søke om mellombels bruksendring.

Det er låg terskel for kva som reknas som bruksendring, sjå til dømes [rundskriv H-4/15](#) punkt 5.2 følgjande. Å ta i bruk hotell, pensjonat, sykeheim eller kontorbygg som asylmottak, vil vere typisk døme på bruksendring.

Som det følgjer av pbl. § 20-9 andre ledd, kan ikkje kommunen gje unntak dersom tiltaket kan føra til at det oppstår fare for liv og helse for brukarane av bygningen. Døme på dette kan vere at tiltaket er planlagt gjennomført i eit område der det ikkje er tilstrekkeleg tryggleik mot skred, eller at krava til branntryggleik ikkje er oppfylt. Tilsvarende skal kommunen heller ikkje gje unntak dersom tiltaket vil føra til fare for skade på miljø eller kulturminne eller tap av naturmangfald eller dyrka eller dyrkbar jord, eller dersom det kan vanskeleggjera gjennomføring av plan.

Offentleg mynde

Du spør kven som er offentlig mynde. Offentlig mynde kan vere UDI, Bufetat eller kommunen sjølv. Det er kun offentlig mynde som kan oppmode om unntak for å etablere mottak, jf. pbl. § 20-9 første ledd. Kva krav som blir stilte til oppmodinga som blir sendt kommunen, følgjer av § 2 i [Midlertidig forskrift om unntak frå plan- og bygningsloven for å håndtere høve ankomster av fordrevne fra Ukraina](#).

[image]

Kommunal- og
distriktsdepartementet

Else-Karin Øvernes
utredningsleder
Bolig- og bygningsavdelingen

Telefon: 22 24 71 58

www.regjeringen.no/kmd | [Facebook](#) | [Flickr](#) |
[Twitter](#)

2-3

From: "Liv Elin Frøysnes Berg"
Sent: Wed, 31 May 2023 13:28:02 +0000
To: "Jorunn Sørli Tveiten" <jorunn.tveiten@bygland.kommune.no>
Subject: VS: Enklere byggesaksprosess for å sikre god og forsvarlig mottak av flyktninger - tolkningsspørsmål - HASTER

Dette er spørsmålet til svaret
Kan du legge dette inn som vedlegg til svaret vi fekk frå kdd i dag ?

Med venleg helsing
Liv Elin Frøysnes Berg
Ingeniør byggjesak

T +47 913 55 771 | E liv.elin.berg@bygland.kommune.no

Bygland kommune Kommunehuset 4745 Bygland
E post@bygland.kommune.no | +47 37 93 47 00 | www.bygland.kommune.no

Fra: Liv Elin Frøysnes Berg
Sendt: onsdag 30. mars 2022 20:15
Til: postmottak@kdd.dep.no
Kopi: John Salve Sigridnes <John.Salve.Sigridnes@bygland.kommune.no>
Emne: Enklere byggesaksprosess for å sikre god og forsvarlig mottak av flyktninger - tolkningsspørsmål - HASTER

Hei

Vi viser til midlertidig forskrift om unntak frå plan- og bygningsloven for innkvartering av personer som søker beskyttelse (asylsøkere) <https://lovdata.no/dokument/LTI/forskrift/2022-03-07-336>
På nettsida <https://www.regjeringen.no/no/aktuelt/dep/kdd/nyheter/2022/bruk-av-bygninger-som-asylmottak/id2903582/> er det gitt svar på ein del spørsmål, mellom anna :

Spørsmål: Er det nå er unntakstilstand slik at plan- og bygningsloven ikke gjelder ved etablering av asylmottak?

Svar: Plan- og bygningsloven gjelder i utgangspunktet også i ekstraordinære situasjoner. Departementet har vedtatt en [midlertidig forskrift](#) som gir kommunene mulighet til å gi unntak fra plan- og bygningsloven. Hensikten med dette er å sikre raskere saksbehandling av mottak som skal brukes til midlertidig innkvartering av ukrainere som søker beskyttelse.

Med bakgrunn i ny

midlertidig forskrift, svært sterkt ønske frå aktører om kommunalt fritak frå å søke om midlertidig bruksendring av bygg til asylmottak og tolkningsuttalelse nemnt over ber vi om ei tolkning av forskrifta § 2 fyrste ledd «*Kommunen kan etter anmodning fra offentlig myndighet, vedta unntak fra krav om søknad om tillatelse for tidsbestemt bruksendring og plassering av midlertidige bygninger som omfattes av § 1.*»

1. Ein oppfatter at det framleis er den enkelte kommune som etter ei skjønsmessig vurdering bestemmer om det kan bli gitt unntak frå kravet om å søke om mellombels bruksendring, kva må i såfall kommunen vere sikker på at er på plass for at kommunen heilt klar kan gi unntak frå krav om å søke mellombels bruksendring?

Er det framleis dei same kriteriane som går fram av Byggteknisk forskrift § 2-1 og slik som det går fram av rettspraksis, at det kan være vanskelig å avgjøre om endret bruk omfattes av lovens begrep "bruksendring", da det ikke er nærmere definert i loven. Derfor er det viktig at kommunen som bygningsmyndighet – ved en søknad om bruksendring – får anledning til å vurdere saken. Kva vil i såfall vere krav til ein slik søknad om midlertidig bruksendring ?

2. Det står vidare *etter anmodning frå offentlig mynde*, er offentlig mynde, f.eks. UDI? Kva er ei anmodning, er det eit dokument som på generelt grunnlag oppmodar om unntak frå søknadsplikta? Eller er må oppmodinga vere retta til den enkelte kommune og gjelde eit spesielt bygg ?

Med venleg helsing
Liv Elin Frøysnes Berg
Ingeniør byggjesak

T +47 913 55 771 | E liv.elin.berg@bygland.kommune.no

Bygland kommune Kommunehuset 4745 Bygland
E post@bygland.kommune.no | +47 37 93 47 00 | www.bygland.kommune.no



**DET KONGELIGE
KOMMUNAL- OG DISTRIKTSDEPARTEMENT**

2-4

Harris Advokatfirma AS
v/ Kevin Grindland

Deres ref

Vår ref

Dato

23/2800-2

31. mai 2023

Tilbakemelding på henvendelse om unntak fra pbl. § 20-9 - manglende overholdelse av saksbehandlingsfrist

Vi viser til din e-post 24. mai 2023. Du opplyser at du representerer en driftsoperatør som har anmodet en kommune om midlertidig unntak fra plan- og bygningsloven for innkvartering av flyktninger, jf. plan- og bygningsloven (pbl.) § 20-9. Anmodningene er ikke behandlet innen saksbehandlingsfristen på syv virkedager, og kommunen har opplyst om at sakene skal behandles på neste møte i kommunestyret. Du ber om en tilbakemelding på hvordan tiltakshaver skal forholde seg til at kommunen ikke overholder den lovpålagte fristen og hvilke muligheter for klage som finnes.

Departementet bemerker innledningsvis at det ligger utenfor vår myndighet å ta stilling til konkrete enkeltsaker som er under behandling i kommunen. Vår uttalelse er gitt på generelt grunnlag.

Departementet bemerker

Forutsatt at vilkårene for å bruke unntaket i pbl. § 20-9 er oppfylt, skal kommunen behandle og avgjøre anmodning om unntak innen syv virkedager, jf. § 20-10 første ledd første punktum. Rettsvirkningene av at saksbehandlingsfristen ikke holdes, er at tiltaket kan settes i gang på tiltakshavers egen risiko, jf. pbl. § 20-10 første ledd fjerde punktum. Det vil f.eks. innebære at en bygning kan tas i bruk til innkvartering av flyktninger. Det følger imidlertid at forarbeidene at dette ikke er det samme som at kommunen har fattet vedtak om unntak, se Prop. 107 L (2021-2022) punkt 14.7:

«Dersom fristen ikke overholdes, følger det av fjerde punktum at tiltakshaver kan sette i gang tiltaket. Dette innebærer likevel ikke at unntak anses som gitt. Eventuell igangsetting skjer derfor på

Postadresse
Postboks 8112 Dep
0032 Oslo
postmottak@kdd.dep.no

Kontoradresse
Akersg. 59
www.kdd.dep.no

Telefon*
22 24 90 90
Org.nr.
972 417 858

Avdeling
Bolig- og
bygningssavdelingen

Saksbehandler
Else-Karin Øvernes
22 24 71 58

egen risiko. Kommunen må behandle anmodningen og gi tilbakemelding i form av et vedtak, og vil fortsatt kunne avslå anmodningen dersom vilkårene for å gi unntak ikke er oppfylt.»

Det er først når kommunen har fattet vedtak at det vil være klagerett til Statsforvalteren.

Betydningen av at beredskapshjemmelen ikke er nevnt i delegasjonsreglement

Du gir i e-posten uttrykk for at kommunens delegasjonsreglement ikke tilsier at sakene skal behandles i kommunestyret ettersom beredskapshjemmelen i pbl. § 20-9 ikke er nevnt i reglementet.

Departementet kan ikke se at det er grunnlag for en slik forståelse, særlig der delegasjonsreglementet er vedtatt forut for den midlertidige beredskapsbestemmelsen i plan- og bygningsloven.

Krigen i Ukraina vil kreve at kommunen må treffe vedtak raskt. Dette er også bakgrunnen for at Stortinget vedtok den midlertidige beredskapshjemmelen i plan- og bygningsloven. Etter kommuneloven kan kommunestyret vedta at andre organer enn kommunestyret kan «hastebehandle» saker, jf. kommuneloven § 11-8. Kommunestyret kan også gi ordfører myndighet i «hastesaker», se kommuneloven § 6-1. Departementet registrerer at den aktuelle kommunen har vedtatt en slik «hastebestemmelse» i delegasjonsreglementet. Flyktningssituasjonen kan, slik vi ser det, gi grunnlag for å bruke «hastebestemmelsen». Det er likevel kommunen selv som er nærmest til å vurdere delegasjonsreglementet, herunder om sakene må behandles av kommunestyret.

Med hilsen

Karen Marie Glad (e.f.)
avdelingsdirektør

Else-Karin Øvernes
utredningsleder

Dokumentet er elektronisk signert og har derfor ikke håndskrevne signaturer



HARRIS ADVOKATFIRMA AS
Postboks 4115 Sandviken
5835 BERGEN

Vår ref:	Sakshandsamar:	Dato
2023/429-8	Aslak J. Brekke aslak.jorundland.brekke@bygland.kommune.no	01.06.2023

FØREBELS SVAR - ORIENTERING OM VIDARE SAKSGANG

Ein viser til anmodning om unntak frå krav om søknad om mellombels bruksendring før etablering av innkvartering for asylsøkere på Setesdal Hotel og vårt brev av 23.5.2023.

Anmodningen er planlagt handsama i ekstraordinært kommunestyremøte måndag 5.6.2023.

Når det gjeld dykkar e-post av 26.5.2023, som på grunn av pinse, blei motteken av kommunen den 30.5.2023 kan vi gi følgande tilbakemelding:

De anmodningene som er sendt inn henholdsvis 08.05.23, 10.05.23 og 11.05.23 er ikke behandlet innen den lovpålagte fristen på syv virkedager, jfr. pbl. § 20-10.

Dette utgjør derfor et brudd på den lovpålagte saksbehandlingsfristen.

Sju virkedagar skal reiknast frå ein anmodning er fullstendig. Det er tiltakshavar/søkjar sitt ansvar at ein søknad/anmodning inneheld tilstrekkelig og relevante opplysningar.

Ein kan heller ikkje reikne med tid som tiltakshavar/søkjar brukar til å skaffe fleire opplysningar.

Anmodning om unntak blei komplette ved tilleggsopplysningar 16.5.2023, 20.5.2023 og 22.5.2023.

Det er ikke korrekt at det politiske reglementet for delegering i kommunen tilsier at det skal behandles i kommunestyret ettersom bestemmelsen i pbl. § 20-9 ikke er nevnt i reglementet.

Det politiske delegeringsreglementet i Bygland kommune er vedteke før endring i pbl § 20-9 og § 20-10. Det er kommunestyret som må handsame saker som ikkje er vidare delegert til politisk utvalg eller til kommunedirektøren. Dette går fram av alminnelig forvaltningsrett.

Vi ber om en redegjørelse for hvor kommunen hjemler at anmodningen skal behandles i kommunestyret og ber om snarlig tilbakemelding.

Hjemmel for å handsame anmodning i kommunestyret ligg i pbl § 20-9 og § 20-10. Viser vidare til alminnelig forvaltningsrett, der det står «kommunen» i ein lov-tekst, kan mynde bli delegert, men når mynde etter pbl § 20-9 og § 20-10 ikkje er ein del av Bygland kommune sitt delegeringsreglement er ikkje mynde etter pbl § 20-9 og 20-10 delegert i Bygland, og det er difor kommunen v/kommunestyret som må avgjere desse anmodningane.

I tillegg ber vi om at kommunen ev. orienterer om andre alternative eiendommer og egnede bygninger som kan tas i bruk, jfr. pbl. § 20-10, tredje ledd.

Pbl § 20-10, tredje ledd, gjeld dersom kommunen gir avslag. Kommunen har ikkje gjort noko vedtak i desse 3 sakene enno, og har følgelig ikkje oppgitt alternative eigedomar og bygningar.

Med helsing
Bygland kommune

John S. Sigridnes
Kommunedirektør

Aslak J. Brekke
Leiar samfunnsutvikling

Om Bygland kommune har sendt dette dokumentet elektronisk, vil det mangle underskrift.

Harris

2-6

Bygland kommune
v/Aslak J. Brekke
post@bygland.kommune.no

Vår referanse:
1125660501/2641478

Ansvarlig advokat:
Olav Pedersen

Dato:
16. mai 2023

SVARBREV – FLERE OPPLYSNINGER VEDR. ANMODNING OM UNNTAK FRA KRAV OM SØKNAD OM TILLATELSE TIL MIDLERTIDIG BRUKSENDRING AV SETESDAL HOTEL, JFR. PBL. § 20-9

1. Innledning

Det vises til brev datert 15.05.23 med saksnr. 2023/131 hvor det etterspørres flere opplysninger. Det påpekes at ingen av de etterspurte opplysningene er å gjenfinne direkte i verken lov eller forskrift som anmodningen skal behandles etter. Den innsendte anmodningen er derfor å anse som komplett når den var innsendt den 08.05.23.

Det vises i foreløpig svar fra kommunen til at det ikke foreligger dokumentasjon på at det er søkt om eller gitt tillatelse til bruksendring til asylmottak etter plan- og bygningsloven. Dersom slik tillatelse hadde foreligget ville det heller ikke vært nødvendig å anmode om unntak fra søknadsplikten.

Det foreligger i alle tilfeller en tidligere uttalelse fra Bygland kommune den 20.11.14 hvor det konkluderes med at «*etablering og drift av asylmottak ved Bygland Hotell ligg innanfor gjeldande reguleringsformål*».

Vedlegg 1: Kopi av brev fra Bygland kommunen datert 20.11.14

Det etterspørres brannteknisk dokumentasjon (inkl. branntegning) og bygningstegning og situasjonsplan som viser innendørs/utendørs lekeareal og fellesareal. Vi vil i det følgende gjennomgå denne dokumentasjonen som etterspørres.

2. Brannteknisk dokumentasjon (inkl. branntegninger)

Det er utarbeidet en brannteknisk tilstandsrapport for eksisterende bygningsmasse som gjennomgår byggene etter befaring. Det er ikke registrert noen feil/mangler ut ifra preaksepterte løsninger gitt i VTEK.

Vedlegg 2: Kopi av brannteknisk tilstandsrapport datert 03.05.22

Harris Advokatfirma AS
Dreggsallmenningen 10/12
5003 Bergen
NO 921 027 583 MVA

Postboks 4115 Sandviken
5835 Bergen
Tlf.: 55 30 27 00

Den norske advokatforening
Globaladvocaten
Advocatia

1125660501/2641478

harris.no

Side 1 av 3

I tillegg til at rapporten konkluderer med at byggene tilfredsstillende kravene som stilles i teknisk forskrift foreligger det branntegninger over alle byggene. Denne dokumentasjonen viser at byggene tilfredsstillende de preaksepterte ytelsene som stilles i TEK17 og at de er trygge å bruke.

Vedlegg 3: Kopi av branntegninger datert 03.05.22

Videre foretas det årlige kontroller av Setesdalen Brannvesen IKS. Det siste tilsynet ble utført 04.05.22 og samtlige avvik er bekreftet lukket og tilsynet er avsluttet.

Vedlegg 4: Kopi av bekreftelse fra Setesdalen Brannvesen IKT på at tilsynet er avsluttet

